



Uskedalen er sett opp med tre gudstenester i sommar.

Vi har vore gjennom ei spesiell tid der alle gudstenester i kyrkjene har vore avlyst. Kyrkja har stått saman med resten av samfunnet i den store dugnaden for å avgrensa smitte av korona. Når vi no på nytt kan invitera til gudsteneste, må vi gjera vårt til at det kan skje på ein trygg måte. I Uskedal kyrkje er benkene merka for å halda på ein meters avstand.

Kyrkja i Kvinnherad har fått på plass smitteverntiltak i tråd med *Bransjestandard for gudstenester og kyrkjelege handlingar i Den norske kyrkja*. I tillegg til utvida reinhald, er det sett ei avgrensning på 50 personar til stades utanom dei tilsette. Alle må halda minimum 1 meter avstand, men dei som høyrer til same husstand kan sitja saman. Difor avheng det mellom anna av storleiken på kyrkja kor mange som det er plass til.

Vi er pålagde å ha oversikt over kven som er til stades i tilfelle ein må ha smittesporing i etterkant. Difor vil ein tilsett stå ved inngangen til kyrkja og føra opp namn på alle som kjem. Denne namnelista vil bli lagt i lukka konvolutt og makulert etter 10 dagar. Ved eigne dåpsgudstenester, vigsel og gravferd ordnar dei pårørande sjølve med slik liste.



Benkene i kyrkja er merka med skilt for å halda 1 meters avstand.

Den fyrste opne gudstenesta var på Varaldsøy 24. mai. Denne kyrkja er så stor at det er plass sjølv om det er dåp. Elles vert det eigne dåpsgudstenester etter gudstenesta eller til andre tider.

Av smittevernomsyn vert det ikkje nattverd på dei vanlege gudstenestene no i starten. Men det vert tillyst nokre nattverd-gudstenester på kveldstid for å imøtekoma ynskje om nattverd. Den fyrste vert i Kvinnherad kyrkje på kvelden 2. pinsedag.

1. pinsedag vert det gudsteneste i Husnes, Kvinnherad og Åkra kyrkjer, medan Eid kyrkje har fleire dåp-gudstenester og ikkje open gudsteneste.

Fjelbergstemnet 2. pinsedag er avlyst, men det vert gudsteneste i Fjelberg kyrkje på ettermiddagen slik at ein kan ta ferja både fram og tilbake. 2. pinsedag er det også gudsteneste i Ølve.

Uskedalen er sett opp med desse gudstenestene i sommar:

- **21. juni kl. 17.00**
- **19. juli kl. 12.00: Skorpo**
- **16. august kl. 17.00**

Tekst: Henta og redigert frå heimesida Kyrkja i Kvinnherad

Foto: Einar Gjertsen / Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal